

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
016/16	Plan- og miljøutvalet	PS	17.02.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Margit Rimeslåttén	14/4919

## Klage på pålegg og ilegging av tvangsmulkt - gbnr 134/166 og 183 Hilland

### Vedlegg:

Orientering om vidare saksgang - Avvisning av klage på pålegg og ilegging av tvangsmulkt - gbnr 134/166 og 183 Hilland  
Bilder fra synfaring 07.12.15 gbnr 134/166, 167 og 183 Hilland  
IMG\_1519IMG\_1520IMG\_1521IMG\_1522IMG\_1523Klage på vedtak - GBNR 134/166 , 134/167 og 134/183 Hilland  
Vedlegg til sakaAvvisning av klage på pålegg - gbnr 134/166 og 183 Hilland  
Pålegg om retting gbnr 134/166 og 183 Hilland - tvangsmulktSøknad om dispensasjon - gbnr 134/166 m.fl. Hilland  
Vedk sak - gbnr 134/166 m.fl Hilland - tilleggskartterrengprofiler--a100 situasjonsplan 26082015-Følgeskriv 26082015Søknad om dispensasjon 26082015kvitteringslister revgjenpart  
Pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt - gbnr 134/166 og 183 Hilland  
Avslag på søknad om dispensasjon og delvis løyve til tiltak - gbnr 134/166, 167 og 183 Hilland.  
Førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt - gbnr 134/183 og 166 Hilland  
Varsel om synfaring - gbnr 134/166, 167 og 183 Hilland  
Mangelfull oppfølging av uloveleg bygggearbeid - gbnr 134/183 Hilland  
Mangelfull oppbygging av ulovlig bygggearbeid på Gnr 134 bnr 183 i LiDSC\_1264DSC\_1265DSC\_1267DSC\_1268DSC\_1300DSC\_1286DSC\_1282DSC\_1284SV  
Vedrørande sak 144919 - gnr. 134 bnr

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune sitt vedtak datert 29.09.2015 vert oppretthalde, klagen vert ikkje teken til følgje.

Som grunngeving for vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga.

### Plan- og miljøutvalet - 016/16

#### PM - behandling:

Epost frå Magnus Thomassen, advokatfirma Kyrre 15.02.2016 vart utdelt i møte.

#### Framlegg frå K. Vågstøl-H:

Plan- og miljøutvalet utset handsaming av sak 016/16. Plan- og miljøutvalet ber administrasjonen vurdere det juridiske synspunkt som kjem fram i brev frå advokatfirmaet

Kyrre av 15.februar 2016 vedkomande det rettslege grunnlaget for tvangsmulkt.

Framlegget fekk 2 røyster og fall (Karl Vågstøl-H, Ingrid Fjeldsbø-H).

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 8 røyster (Ståle J. Hauge-Ap, Hogne Brunborg-Ap, Bent Risøy-Krf, Sæbjørg H. Kjekka-Krf, Malin Knudsen-Krf, Jørgen Herland-Sp, Anita Høgquist-Frp, Andreas Dyngen-Frp).

#### **PM - vedtak:**

Lindås kommune sitt vedtak datert 29.09.2015 vert oppretthalde, klagen vert ikkje teken til følgje.

Som grunngeving for vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga.

#### **Saksopplysningar:**

##### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast av Fylkesmannen dersom plan- og miljøutvalet ikkje tek klagen til følgje.

#### **Bakgrunn**

Lindås kommune gav den 20.10.2014 førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt. I førehandsvarselet vart det opplyst at det ville bli gitt pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt dersom det ulovlege arbeidet ikkje vart tilbakeført eller søknad ikkje vart sendt inn innan gitt tidsfrist.

Arkitekt Giskegjerdet AS søkte, på vegne av eigarane, blant anna søkt om oppføring av terrengstøttemur og etablering av ny tilkomst/intern veg på eigedomane gbnr 134/166 og 183. Søknaden vart motteke 23.01.2015.

I avslag datert 30.06.2015 vart det vist til følgjande

*Søknaden omfattar også etablering av ny avkjørsle, støttemur på gbnr 134/166 og 134/183 og intern veg. Etter gjennomgang av saka ser vi at søknaden har vi følgjande merknader når det gjeld desse tiltaka:*

- *Tiltaka er ikkje tilstrekkeleg nabovarsla. Naboar på gbnr 134/286, 134/336, 134/360, 134/334 er ikkje varsla.*
- *Oppføring av mur i grensa krev dispensasjon frå avstandsreglane i pbl § 29-4 eller at eigar av naboeigedom har gitt skriftleg samtykke. Vi kan ikkje sjå at det er søkt om dispensasjon for dette tilhøvet eller at det ligg føre naudsynt erklæring frå eigar.*
- *Situasjonsplanen viser både omsøkte og framtidige tiltak for eigedommen. Oppdatert situasjonsplan skal berre visa omsøkte tiltak. Lengdeprofil av mur*

*på gbnr bør leggjast ved saka....*

*Kommunen vurderer at søknaden når det gjeld etablering av avkjørsle, intern veg og støttemur på gbnr 134/166 og 134/183 er for mangelfull til at tiltaka kan takast opp til handsaming, jf pbl § 21-2, SAK10 § 5-4. Det vert gitt moglegheit for å supplera søknaden innan 15.08.2015. Dersom tilleggsdokumentasjon ikkje er mottatt innan fristen vert saka arkivert utan handsaming.*

*Vi viser elles til kommunen sitt brev av 20.10.2015 som gjeld pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt. Vi gjer merksam på at dette forholdet ikkje er avslutta.*

Ansvarleg søkjar bad om utsett frist for å eventuelt klage på vedtaket til 10.08.15, og utsett frist vart gitt av Lindås kommune i brev datert 24.07.2015. I e-post frå ansvarleg søkjar vart det bedt om ny frist til 26.08.2015 for innsending av dokumentasjon knytt til søknaden. Utsett frist vart gitt av Lindås kommune i brev datert 14.08.2015.

Manglande dokumentasjon knytt til søknad om mur i nabogrensa mot gnr. 134 bnr. 367 og 363 og intern/ny tilkomst veg vart ikkje motteke av Lindås kommune, og det vart difor gitt pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt 29.09.2015.

Pålegget om retting og ilegging av tvangsmulkt vart påklaga av advokatfirmaet Kyrre ved advokatfullmektig Magnus Thomassen 11.11.2015. I klagen vert det synt til at bruk av tvangsmulkt tilseier ei skjønnsmessig vurdering, og at det utelukkande skal fungere som eit pressmiddel for at tiltakshavar skal gjennomføre tiltak. Det vert vidare synt til at tvangsmulka ikkje skal fungere som eit straffetiltak og er atterhalde dei tilfella der tiltakshavar held seg passiv eller av andre grunnar ikkje tilpassar seg vedtaket. Klagar syner til at tiltakshavar er i ein prosess for å legalisere dei aktuelle tiltaka, og at det difor ikkje ligg føre faktisk grunnlag som gjer det naudsynt å gje tvangsmulkt. Tvangsmulkt vil difor utelukkande framstå som eit straffetiltak som er i strid med føresegna sitt føremål. Det vert også synt til at ny søknad vart sendt av arkitekt Giskegjerdet AS den 26.08.2015. Når det gjeld forstøtningsmur vert det synt til samtykkeerklæring frå heimelshavar for gnr. 134 bnr. 363, og at kommunen kan godkjenne tiltaket med heimel i plan- og bygningslova § 29-4 3. ledd.

Klage på pålegg og tvangsmulkt vart avvist i vedtak 25.11.2015, og vedtaket vart påklaga 02.12.2015 av advokatfirmaet Kyrre ved advokatfullmektig Magnus Thomassen.

På bakgrunn av opplysningar som kjem fram i klagen på avvisingsvedtaket vert klagen på pålegg og ilegging av tvangsmulkt realitetshandsama.

## **Vurdering**

Føremålet med å gje pålegg og ilegging av tvangsmulkt, er som klagar syner til, å leggje eit press på tiltakshavar for å få retta dei ulovlege forholda.

Vi kan ikkje sjå at det er motteke og registert manglande dokumentasjon knytt til søknad om avkjørsle, støttemur og intern veg innan utsatt frist som vart gitt til 26.08.2015.

I e-post 06.01.2016 vert det opplyst frå ansvarleg søkjar om at vedkommande i denne perioden hadde dataproblem. Det vert difor opplyst om at det ikkje er mogleg å finne att dokumenta som var sendt på e-post, og at det er truleg at desse dokumenta ikkje har vore sendt frå vedkommande sin e-postserver.

Vi meiner difor at det er klart at det både var naudsynt og rimeleg at det vart gitt pålegg om

retting og tvangsmulkt, sistnemnde for å tvinge fram en gjennomføring av pålegget, sidan det ikkje vart motteke/sendt inn dokumentasjon innan fastsett frist. Det vart difor gitt pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt i vedtak datert 29.09.2015 med frist for oppfylting innan 10.11.2015.

Administrasjonen legg til at ansvarleg søker sine opplysningar knytt til manglande oversending av dokumentasjon vert vurdert i forhold til søknaden om reduksjon/fråfall av tvangsmulkt som er sendt inn.

Administrasjonen kan etter dette ikkje sjå at det ved klagen har komme fram opplysningar som tilseier at vedtak i sak 14/4919, datert 29.09.2015, skal endrast eller opphevast.